
Saksnr: 2020/1928-70
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		26.05.2020

Bokbåtdrift i Vestland fylke

Saka vert lagt fram utan tilråding for drøfting i fylkeseldrerådet.

Samandrag

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok 28.03.19 å lengja drifta om bokbåten i Hordaland til 31.12.19. Møre og Romsdal fylkeskommune er ikkje lenger ein del av samarbeidet. Bokbåten vert i dag drifta av fylkeskommunen i samarbeid med Alver kommune. Fylkeskommunen forlenga avtalen om leige av bokbåten for perioden 01.01.20-01.06.20. Det var planlagt turne våren 2020. Etter planen skulle bokbåten vitja 51 stader i tidlegare Hordaland og ein stad i tidlegare Sogn og Fjordane. Grunna korona-situasjonen vart turen avslutta 12. mars. Dersom fylkeskommunen vel å halde fram med denne tenesta, må bokbåtdrifta ut på anbod. Bokbåten stetter idag ikkje kravet til m.a. universell utforming eller miljøvenleg drift. Tenesta kan tidlegast starta opp att våren 2021.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad
utvalssektetær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I følgje folkebiblioteklova skal alle kommunar ha eit folkebibliotek. Fylkeskommunen skal ta i vare regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, samt gi råd til lokale styresmakter, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, arrangera møte og kurs om bibliotekspørsmål. Opplæringslova set også krav til at elevane skal ha tilgang til skulebibliotek. Som skuleeigar er dette både eit kommunalt og eit fylkeskommunalt ansvar.

Både regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025 og tilsvarande plan i Sogn og Fjordane 2019-2027 har som mål at alle innbyggjarar bør ha eit godt bibliotektilbod i rimeleg avstand til der dei bur. I tillegg til å driva aktiv formidling er biblioteka ein viktig møtestad og arena for offentleg samtale og debatt, kurs, teater, forfattarbesøk og foredrag. Formålsparagrafen i folkebiblioteklova vart endra i januar 2014. I tillegg til å fremja opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, er biblioteket ein stad ein kan møte kjenningar og ein arena for inkludering og integrering.

Det moderne og digitale samfunnet utfordrar og endrar bibliotekenesta. Mellom anna er nettenestene tilgjengeleg uavhengig av tid og stad, dei opnar nye moglegheiter for deltaking. No når alle bibliotek er stengde, har folkebiblioteka utvikla fleire digitale tenester og fått løyvingar både frå stat og fylke til innkjøp av e-bøker og til digital formidling.

Mobile bibliotektenester som til dømes bokbuss og bokbåt, til tilgang der det liten eller ingen bibliotekdekning. I dei mobile biblioteka møtest folk og det er arrangement, om enn i mindre skala. Desse tenestene når særleg born og unge i grisgrendte strok.

Vidare bokbåtdrift i heile Vestland fylke har ein prislapp på minimum 2,4 mill. kr. Dette er det ikkje dekning for innanfor vedtekne rammer til bibliotekføremål. Slik fylkesrådmannen har vurdert det så er det heller ikkje ei primæroppgåve for fylkeskommunen å drifta ordinære bibliotektilbod. Det er ei oppgåve som ligg til kommunane, jf. Folkebiblioteklova.

Dersom ein vedtek å leggje ned bokbåten vil det vera mogleg å oppretta ei tilskotsordning til kommunale bokbussar og vidareføra modellbibliotekprogrammet. Auka tilskot til e-bøker og digital formidling kan også vurderast, like eins om det skal opprettast tilskotsordningar til interkommunale prosjekt og kompetanseheving. Dette er noko ein kan koma attende til i budsjettprosessen for 2021.

Vurderingar og verknader

Økonomi: ikkje relevant

Klima: ikkje relevant

Folkehelse: ikkje relevant

Regional planstrategi: ikkje relevant

Konklusjon

Saka vert lagt fram utan tilråding for drøfting i fylkeseldrerådet.